



Øyvind Åsen står det på lappen Elin nett har trekt opp av brødposen.

Øyvind Åsen, oppvaksen på Steinsletto, og busett i Herøysundet vart den heldige vinnaren i Julagodd-konkurransen hos Elin Matgleder. Han får dermed ein stor gåvepakke som inneheld 5 assorterte boksar kjeks, 5 assorterte konfektpakkar, 1 marsipanbrød og 2 (frosne) julabrød. Verdi: 680,- .

Alle som har handla for 100,-kr eller meir dei to siste dagane var med i trekkinga som vart gjort i butikklokala kl.12 i dag, veslejulaftan. Elin Enes tok kontakt med den glade vinnaren like etter at resultatet var klart.

Elin's Matgleder tar no ein velfortent juleferie etter eit par særdeles travle månader med lange og hektiske arbeidsdagar. Elin kan melda om storveis salg både av julabrød, julakjeks og ikkje minst av konfekt. Mange av kundane kjem frå Uskedalen og nabobygdene, men ho har og kundar frå fjernare område. - Kjekt er det og at mange utflytta uskedelingar stikk innom når dei er heimom ein tur, seier ei svært fornøgd Elin Enes.

Ho ser no fram til julefeiring heime med familien før varme og avslappande dagar i Spania ventar i romjula. Ho

fortener verkeleg ein god ferie no. Ho har gjort juleførebuingane enklare for mange.

Av: Thor Inge Døssland.